


Forslingsplan for Kraftmuseet

2026 – 2030



Unge forskarar. Foto: Kraftmuseet / Åsne Dolve Meyer

Styrehandsama 10.12.25

1. Innleiing og hovudmål

Eit museum skal drive med forsking. Dette ligg inne i ICOM sin museumsdefinisjon:

Eit museum er ein ikkje-kommersiell permanent institusjon i samfunnet si teneste, som forskar på, samlar, konserverer, fortolkar og formidlar materiell og immateriell kulturarv. Muséa er opne for publikum, tilgjengelege og inkluderande, og fremjar mangfald og berekraft. Dei opererer og kommuniserer etisk og profesjonelt, legg til rette for brei deltaking frå samfunnet og tilbyr varierte opplevingar for utdanning, underhaldning, refleksjon og deling av kunnskap. (Norsk ICOM)

Kraftmuseet sin føremålsparagraf (§ 2 i vedtektene) seier:

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forsking og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.

Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekke interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonngata.

Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskraftshistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har og som mål å bevare, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).

Denne forskingsplanen skisserer satsingsområde, metodar og mål for Kraftmuseet si forsking i perioden 2026–2030. Planen skal styrkje museet si rolle som kunnskapsinstitusjon – og fremje forsking på industrihistorie, vasskraft og samfunnsutvikling.

2. Bakgrunn og kontekst

Kraftmuseet har ei lang historie som kunnskaps-, dokumentasjons- og formidlingsinstitusjon for norsk vasskraft og industrihistorie. Museet ligg i eit område med rik industrihistorie, og har tilgang til unike arkiv, forteljingar, bygningar, gjenstandssamlingar og teknologi. Med auka fokus på berekraft, energiomstilling og lokalhistorie sett i lys av internasjonale strøymingar, er det viktig å fremje og vidareutvikle forskingsverksemda vår. Gjennom eiga forsking og nettverkssamarbeid vil vi bidra til å løfte fram ny kunnskap om våre fagfelt.

Historisk sett har det ofte vore tyngre for musea å operere som forskingsverksemder, samanlikna med universitet og høgskular. Dette dreier seg mykje om tilgang til faglege og økonomiske ressursar. Her vil vi vere ein tydeleg og kunnskapsretta aktør gjennom å prioritere eiga forsking innan dei rammene vi til ei kvar tid har.

Kraftmuseet er ikkje eit stort museum, men vi har eit stort kjeldetilfang som bør nyttast til ny kunnskapsproduksjon – kanskje i større grad enn så langt.

3. Tilknytning til planverk, nettverk og retningslinjer

- Lista er ikkje uttømmende -

Internt i organisasjonen

Strategisk plan, formidlingsplan, samlingsplan, kompetanse- og rekrutteringsplan, Prosjektplan Johan Galtung-arkiv, andre prosjektplanar.

Regionalt, Vestland fylkeskommune

Temaplan forskning, Temaplan kultur, Temaplan for privatarkiv.

Statleg nivå

Meld. St. 23 (2020–2021) Musea i samfunnet («museumsmeldinga), Tillit, ting og tid

Meld. St. 5 (2022–2023) Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023–2032.

Samarbeid og nettverk

Sjå vedlegg 1 med oversikt over våre nettverk og samarbeid, inklusiv NVE Museumsordning.

Andre signal om tematikk som bør løftast, også innan forskning og utvikling

Berekraft – FN sine berekraftsmål, kulturminne i krig og beredskap, mangfald, demokrati, nordisk samarbeid, tematiske samarbeid.



FN sine berekraftsmål

4. Formål og faglege satsingsområde


Formålet med planen er å vidareutvikle og solid etablere Kraftmuseet som ein aktiv forskingsaktør i det museale landskapet, innan følgjande hovudfelt:

- Dokumentere, utforske og analysere norsk kraft- og industrihistorie, inkludert realfagleg tematikk,

- Dokumentere og aktivt kommentere utviklinga i samtida, sett i lys av historia,
- Utvikle ny kunnskap om sosiale aspekt ved arbeidarkulturen og industrisamfunnet, før og no,
- Bidra til informert meningsdanning om berekraft, energi, miljø og teknologiutvikling,
- Bidra til å setje søkjelys på inkludering, mangfald og medverknad,
- Dokumentasjon og undersøkjing av privatarkiv, gjenstandar, bygg og anlegg i vår portefølje, samt tilsvarande tematisk arbeid andre stader,
- Andre tema som veks fram gjennom endringar i samfunnet, endringar i samlingane våre, og/eller i formidlinga vår.

Forskning og kunnskapsproduksjon ved Kraftmuseet vil krevje eit tett samarbeid mellom avdelingane Samling og Formidling, og må løftast fram i leiargruppa, for å definere interessante prosjekt for forskning, for å støtte opp om tilsette som vil nytte tid til kunnskapsproduksjon og tekstutvikling, samt for å vurdere større, strategiske prosjekt, med naudsynt søknadsarbeid og avsetjing av ressursar.

Formidling av forskingsresultat, i rett format for kvar einskilde sak, vert vesentleg for museumsverksemda. Sjå også punkt 7.



Kontrollrommet – brettet – i Tyso I kraftstasjon viser mellom anna samanheng og utvikling i teknologi og estetikk over tid. Foto: Kraftmuseet / Kristoffer Skogheim

5. Metodikk og tilnærming

Val av metodar vil følgje av tematikk og omfanget av allereie kjent kjeldemateriale, og vil kunne inkludere og kombinere historiske, etnografiske og teknologiske metodar, m.v.

Døme på metodar inkluderer:

- Innhenting av nye, munnlege kjelder og intervju
- Fotodokumentasjon
- Arkivstudium, media-, tekst-, foto- og dokumentanalyse
- Feltarbeid og teknisk dokumentasjon av anlegg, naturtilhøve, infrastruktur m.v.

Arbeidet vil kunne bere preg av *grunnforskning*, *anvendt forskning* og / eller *utviklingsarbeid* etter interesse, behov og mogelegheit. I planperioden vil vi ha et særskilt fokus på **samtidsdokumentasjon**, slik at vi ikkje misser tilgang til viktige kjelder for framtidig historieforteljing.



Kva kan denne gjenstanden fortelje, med «smelteverksskit» og alt? Foto: Kraftmuseet / Harald Hognerud

6. Samarbeid og nettverk

Kraftmuseet deltek i ei rekkje nettverk (sjå oversikt, vedlegg 1).

Gjennom forskingsplanen vil vi òg styrke samarbeidet vårt med universitet og høgskular, samt forskarar frå andre land. Vi vil gjennom planperioden aktivt vurdere eksisterande og ny deltaking i nettverk, slik at vi heile tida styrkjer oss som kunnskapsinstitusjon.

7. Formidling

Resultata frå forskinga skal etter praktisk vurdering formidlast gjennom t.d. utstillingar, publikasjonar, føredrag og / eller digitale plattformer.

Museet vil utvikle pedagogiske opplegg for skular, og bidra til offentleg debatt om ulike tematikkar, det dette høver. Sjå òg Kraftmuseet sin formidlingsplan.



Utstillinga «Kampen om Alta». Foto: Kraftmuseet / Kristoffer Skogheim

8. Forskingsetikk og «armlengdes avstand-prinsippet»

Lov om organisering av forskningsetisk arbeid (forskningsetikkloven) seier i § 4, *Forskeres aktsomhetsplikt*:

Forskere skal opptre med aktsomhet for å sikre at all forskning skjer i henhold til anerkjente forskningsetiske normer. Dette gjelder også under forberedelser til forskning, rapportering av forskning og andre forskningsrelaterte aktiviteter.

Kraftmuseet skal vise transparens kring finansiering av forskning, samt i eventuelle faglege eller institusjonelle band som ligg føre i arbeidet.

Som mottakar av driftsstøtte og ulike inntekter frå det offentlege og frå private, er det viktig at ein til ei kvar tid vurderer og har fokus på i kva grad Kraftmuseet står fritt som kunnskapsinstitusjon til å forske, skrive og tenkje på det vi vil, og korleis vi vil.

Ved autoetnografisk arbeid – «forskning på seg sjølv» – skal museet nytte anerkjende autoetnografiske metodar og teori.

9. Ressursar og organisering

Forskinga ved Kraftmuseet vil bli utført:

- Av tilsette ved museet, etter ønske og mogelegheit,
- I samarbeid med, eller etter avtale med, eksterne krefter,
- Gjennom nettverk og faglege samarbeid, t.d. om publikasjonar.

Ressursbruken vil i stor grad dreie seg om tidsressurs ved internt arbeid, anslått til totalt 35 % stilling kvart år, men vil òg pensast inn på ekstern finansiering der det høver, gjennom forskarsamarbeid, prosjektutvikling og søknadsarbeid, etter nærare vurderingar.

I spesielle tilfelle kan det vere aktuelt at Kraftmuseet stiller med tidsavgrensa prosjektkontor for tilreisande forskarar og studentar.

10. Tiltak i planperioden

For kvart år i planperioden har vi slike mål om gjennomført forskings- og dokumentasjonsaktivitet:

- 3 artiklar publiserte, kor to av artiklane kan vere populærkulturelle, og minst ein artikkel er fagfellevurdert.
- 3 dokumentasjonsprosjekt gjennomførte, dvs. nytt kunnskapstilfang i minst 3 saker, som til dømes intervjurunde, fotoprojekt, innhenting av skriftleg dokumentasjon m.v. innan aktuelle tema.
- Deltaking undervegs i minst 1 bokprosjekt, i form av ein antologi, eller eiga utgjeving.

- Når det gjeld kompetanseutvikling i staben, har vi som mål å få på plass konservatorgodkjenning innan utløpet av planperioden, samt fokusere på kompetanseløft (mastergrad, doktorgrad) gjennom permisjonsordninga, og via nyrekruttering.

11. Evaluering og oppfølging

Det vil bli gjennomført ei årleg evaluering av forskingsaktiviteten. Resultata vil bli rapporterte til styret gjennom årsrapporten, og nytta som grunnlag for vidare utvikling.



Laboratoriet på Odda smelteverk er i dag museumsarena; KraftLaben i Odda. Foto: Kraftmuseet

Vedlegg 1:

Deltaking i nettverk og faglege samarbeid – Kraftmuseet

Navn
Bærekraftige Energinarrativer (BEN)
European Route of Industrial Heritage (ERIH)
Felles beredskapsgruppe Vestland
Forskingsnettverk Vestland
Kraftturismeprosjektet
Nettverk for Arbeiderhistorie
Nettverk for Privatarkiv Vestland
Nettverk for Teknologi og Industrihistorie
Norges Museumsforbund
Norsk Forening for Fartøyvern
Norsk ICOM
Norsk Industriarv
NVEs museumsordning
Seksjon for Industri og Kulturarv (SIKA)
The International Committee for the Conservation of the Industrial Heritage (TICCIH)